

ÅRSMELDING FOR KVAM BOWLINGKLUBB

for perioden 01/06 2012 til 31/05 2013

1. STYRET SI SAMANSETTING:

- 1.1) Leiar: Dag Tjosaas (1 år)
- 1.2) Kasserar: Finn Olesen (2 år)
- 1.3) Skrivar: Frank Tangen (1 år)
- 1.4) Seniorkontakt: Lars Froestad (2 år)
- 1.5) Styremedlem: Reidar Olsen (1 år)

2. GRUPPER / UTVAL / KOMITEAR:

- Valkomite :
 - 2.1) Tore Tellevik
 - 2.2) Aase Lunestad
- Revisorar:
 - 2.4) Njål Arve Skulstad
 - 2.5) Even Tjosaas

3. MØTE TILSTELLINGAR:

- 3.1) Styremøte: 2 stk
- 3.2) Medlemsmøte: 1 stk

4. MEDLEMSTAL:

- 4.1) Samla medlemstal pr. 19/05 2012: 41 stk
- 4.2) Medlemer over 19 år : 11 kvinner og 26 menn
- 4.3) Medlemer under 19 år : 0 jenter og 4 gutar

5. UTDANNING/ORGANISERT AKTIVITET:

- 5.1) Kvar onsdag og søndag frå kl 18 til 21 er det klubbtrening.
- 5.2) Kvar onsdag frå 11 til 13 er det pensjonisttrening.
- 5.3) Tore André Håbrekke Fosse har delteke på juniorsamlingar i regi av kretsen (BBK)

6. SÆRFOBUND:

Særforbund laget er medlem av:

- 6.1) Kvam idrettsråd
- 6.2) Bergen bowlingkrets
- 6.3) Hordaland idrettskrets
- 6.4) Norges bowlingforbund
- 6.5) Norges idrettsforbund

7. STEMNE, KONKURRANSAR, MEISTERSKAP REKORDAR:

- 7.1) Tre lag deltok i lokalligaen til kretsen. Eit i kvar divisjon (1.-3. divisjon). Alle laga hamna på sølvplass i sin divisjon. Dermed får me to lag i 1. divisjon og eitt i 2. divisjon neste sesong.
- 7.2) Me deltok med to lag i den landsdekkande veteranligaen. Eitt i 2. divisjon avdeling A og eitt i 3. divisjon. I 2. divisjon enda me på 4. plass av 18 lag. I 3. divisjon vart me nr 6 av 11 lag.
- 7.3) Fire av klubbens medlemer deltok i NM i mai 2013 på Veitvedt i Oslo. Ove Fonn vart nr 28 etter innleiande og var klar for mellomspelet, men fekk ein strekk i ryggen og måtte trekke seg. Kristin Johannessen vart nr 69, Olav Ludvig Håbrekke nr 216 og Frank Tangen nr 193.
- 7.4) To av våre medlemer deltok i veteran-EM i Sverige i juni 2012. Olav Ludvig Håbrekke vart nr 113 i klasse HB og Frank Tangen nr 82 i klasse HA.
- 7.5) Klubbens medlemer har elles delteke i mange kretsturneringar med tildels gode resultat.
- 7.6) Lokalt har me arrangert Månadscupen kvar siste søndag i månaden, Kjegletrimmen i desember og klubbmeisterskapen i mai/juni. Ove Fonn er regjerande klubbmeister (mai 2012).
- 7.7) Bedriftsligaen kom ikkje i gang i haust, men etter nyår har me køyrt ein intensiv periode med bedriftskampar der ti lag deltok. Vinnar vart Kvam herad, BCC nr.2 og Kleppe nr. 3.
- 7.8) Frank Tangen vart nr. 5 i Championatet.

8. **MOTTEKNE MIDLAR:**

- 8.1) Kulturmidlar frå Kvam herad: kr 6.790,- (er ikkje utbetalt – må sende purring til Kvam herad)
- 8.2) Driftsmidlar frå Kvam herad: kr 35.000,-
- 8.3) Grasrotandel (1.05.2012-30.04.2013): kr 23.900,-

9. **ANLEGG:**

- 9.1) Dataanlegget slit på tampen av sesongen og me må truleg investere i ny maskin med programvare. Pris mellom 10.000 og 15.000. Elles har anlegget fungert tilfredsstillande, men det treng ein sommarpause med grundig vedlikehald no.
- 9.2) Det må utarbeidast ein rutine på reingjering av dataanlegg og dataskjermar.

10. **HALLDRIFT:**

- 10.1) Drifta av hallen er basert på dugnad og me har difor freda fredag og laurdag i vaktplanen. Opningstidene til hallen er sundag kl 14-21, måndag til torsdag kl 18-21 og onsdag kl 11-13. I tillegg tek me imot bestillingar utover ordinær opningstid.
- 10.2) I 2012 registrerte me ca 850 dugnadstimar.

Øystese 20.05.2013
Revidert 26.05.2013

Dag Tjosaas (leiar)

Frank Tangen (skrivar)
